

NVE

Innsendt dato: 21.09.2016
Referansenummer: RHTURV

Innsending av høyringsfråsegn

Saksopplysningar	
NVE sitt saksnr.:	201502347
Sakstittel	Overføring av vann fra Reppaelva til Tveitelva kraftverk
Høyringsfråsegn frå:	Privat person

Personopplysningar	
Navn	Magne Øyre
Telefon	95024239
Adresse	Neslia 2
Postnr	5470
Poststad	Rosendal
E-post	magne.oyre@kvinnherad.kommune.no

Høyringsfråsegn

Høyringsfråsegn

Viser til søknad frå Sunnhordland Kraftlag (SKL) om overføring av Reppaelva til Tveitelva kraftverk.

Reppaelva ligg i Nordrepollen, ein fjordbotn med eit vertikalt landskap, som er synleg frå heile indre del av Mauranger/Maurangerfjorden.

Nordrepollen har/hadde tre markerte vassdrag/elvar, Øyreselva, Tveitelva og Reppaelva. Øyreselva var ei av dei vassrikaste elvane på Folgefonnhalvøya, som drenerte frå breen. Etter Statkraft si utbygging på 60- og 70-talet er vassføringa redusert med 80%. Tveitelva var urørt inntil for få år sidan då Statkraft overførte Kvanngrovatn til sitt anlegg og SKL nytta restvassføringa, i den mest synlege delen, til sitt nye kraftverk. Reppaelva er den siste som er urørt.

Elvesus og fossedur har alltid vore eit markert innslag i lydbiletet i Nordrepollen, noko som blir lagt merke til av dei som kjem der til. Ei avskjering av elva på ct 370 vil redusera Reppafosse betydeleg. I dag er dette eit av dei mest markerte landskapselementa når ein kjem inn fjorden, anten med bil eller båt.

Området kring fosen og nedre del av elva fram til utløp i fjorden, er prega av gammalt kulturlandskap med slåtteenger, utslåtter og beite. Dette er lite endra frå dei gamle driftsmåtane, bortsett frå gjengroing av utslått og beite.

Langs nedre del av elva var det og fire kvernhus, to står enno.

I søknaden er det og opplyst at det blir lagt permanent skogsbilveg langs leidningstracen. Dette er eit betydeleg inngrep som vil framstå som ei diagonal linje i det vertikale landskapet, synleg frå heile fjordområdet. Ein kan og stilla spørsmål ved verdien av denne vegen. Det er ikkje barskog i området, kun lauvskog, og til dels opp mot skoggrensa. Ein kan heller ikkje sjå at oppsitjarane driv særleg aktiv skogsdrift i dag, sjølv om det er lettare tilgjengeleg lauvskog i nærområdet.

Vegen vil få stigningsforhold på over 15% og bli tilslutta vegen mellom Tveitelva kraftverk og inntaket i Tveitelva, som er enno brattare. Ein kan ikkje sjå for seg at denne vegen er farbar med bil.

Det er og verd å merka seg at det, i samband med planlegging av Jondalstunnelen, var stor motstand, både lokalt og frå miljøorganisasjonar mot inngrep i det same området. Det var og stor meidiamerksemd, der Nordrepollen blei framstilt som ei av dei mest "autentiske" bygdene i landet. Denne saka fekk heldigvis ein lukkeleg utgang ved at tunnelinnslaget fekk ei plassering som sparde kulturlandskapet.

	<p>Ved overføring av Reppaelva til Tveitelva hentar ein vatn frå eitt vassdrag til eit anna. Eg stiller då spørsmål ved om ikkje dette bryt med vilkåra for småkraftverk, der vatnet skal førast tilbake til same vassdrag før utløp i fjorden.</p> <p>Eit anna spørsmål er kvifor fallet frå inntak i Reppaelva til Tveitelva (130 m) ikkje blir nytta til produksjon, det ville i så fall vore fornuftig, all den tid det er lagt i røyr.</p> <p>Etter mitt syn vil ein marginal produksjonsauke i Tveitelva kraftverk ikkje kunna forsvare dei relativt store, og svært synlege, inngrepa i landskapet.</p> <p>Nordrepollen ligg på den framtidige "Hordalandsdiagonalen" og vil bli eksponert for dei fleste reisande mellom Bergen og Austlandet. Eit mest mogeleg intakt kultur- og naturlandskap må difor vega tyngst om ein skal sjå på samfunnsnytte.</p>
Høyringsfråsegn vedlegg	Ikke angitt
Annan relevant informasjon	Ikke angitt
Vedlegg av bilete og kart	